



Behandling av klage - 28/13, Sørstrøno 156 - Utlekking av flytebrygge

Saksbehandlar:
Monica Moberg

Arkivsaksnr.:
26/2483

JournalpostID:
26/65091

Saksnr:	Utval:	Dato:
	Plan-, bygg- og miljøutvalet	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet, byggeforbudet i strandsona, jf. pbl. § 1-8, og FFNF-bruk og vern av sjø, for etablering av flytebrygge på eigedom med gbnr. 28/13, vedtak datert 29.5.2026 Delegasjonssak 423/2026.

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjonane var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane administrasjonen gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltar i Vestland for behandling.

Bjørnafjorden, den 25.06.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Saka gjeld klage på vedtak om dispensasjon for etablering av flytebrygge på gbnr. 28/13. Omsøkt flytebrygge har ein storleik på 8x2,4 m og 5,5 x1 m landgang, plassert direkte i tilknytning til eksisterande kai.

Administrasjonen gav i delegasjonssak nr 423/2026 datert 29.5.2026 dispensasjon for tiltaket. Statsforvaltaren i Vestland klaga på vedtaket i brev datert 19.6.2026.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område på landarealet og FFNF i sjøarealet. Det er søkt om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8, arealbruksføremålet FFNF i sjø, og føremålet LNF på land.

Kommunen har motteke høyringsuttale frå Bergen Hamn. Dei har ikkje merknader til saka.

Kommunen har motteke høyringsuttale frå Fiskeridirektoratet. Dei har ikkje merknadar til saka dersom tiltaket ikkje vil medføre vesentleg risiko med omsyn til bevaring av gytefeltet. Dei føreset at eventuell fjellboring i sjø blir utført utanom tidsrommet januar–april, som er torsken si gytetid. Dette er sett som vilkår i saka.

Statsforvaltaren i Vestland rår frå at kommunen gjev dispensasjon. I si uttale til saka, viser dei mellom anna til at eigedomen ligg i sone 2 etter dei statlege planretningslinjene, der det skal førast ein restriktiv praksis i strandsona. Dei meiner at omsøkt tiltak vil auke graden av privatisering og påverke landskap og strandsona negativt.

Søkar visar til at tiltaket er lite, og det ikkje påverkar omgjevnadane. Søkar meiner at tiltaket vil legge til rette for at båtane kan legge til ved brygga og at tilkomsten til båt blir tryggare. Området er allereie privatisert.

Kommunen har ved første behandling av saka, vurdert at det var høve til å gje dispensasjon, og at omsyna bak pbl. § 1-8 og FFNF ikkje vert sett vesentleg til side, og at det er høve til å gje dispensasjon.

Statsforvaltaren i Vestland har klaga på vedtaket i brev datert 19.6.2026. Administrasjonen har vurdert klagepunkta, og held fast ved den konklusjon som vart lagt til grunn i vedtak av 29.5.2026.

Konsekvensar av vedtaket

Økonomisk: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Areal: Strandsona er alt privatisert der brygga skal leggjast ut.

Tilgjengelegheit for alle: Området i nærleiken er bratt vanskeleg tilgjengeleg område for ålmenta

Folkehelse: Ikkje relevant.

ROS/samfunnstryggleik og beredskap: Ikkje nærare vurdert

Saksutgreiing:**Politisk behandling**

Saka skal avgjerast i plan- bygg- og miljøutvalet.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Utvalet kan stadfeste, gjere om, eller oppheve vedtaket i saka jf. fvl. § 33.

Dersom plan- bygg- og miljøutvalet stadfester vedtaket, skal saka vidare til Statsforvaltar i Vestland for endeleg behandling.

Dersom plan- bygg- og miljøutvalet gjer om vedtaket heilt eller delvis, blir dette eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltar i Vestland til klagevurdering.

Plan- bygg- og miljøutvalet kan oppheve vedtaket dersom dei finn at det er feil ved saksbehandlinga, og desse må rettast før det kan gjerast eit nytt vedtak. Dette kan til dømes vere at utvalet meiner saka ikkje er godt nok opplyst til at ein kan gjere vedtak, og at ein må innhente fleire opplysningar før saka kan behandlast. Saka må då behandlast på nytt, med eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på.

1. Saksopplysningar

1.1. Nøkkelinformasjon


Eigedom: 28/13

Adresse: Sørstrøno 154 og 156


Tiltakshavar/ansvarleg søkjar: Anne Kristine Lie Stoltz/Paal J Kahrs Arkitekter As

Klagar: Statsforvaltaren i Vestland

Kartutsnitt 1:5000




Kartutsnitt 1:2500



Lenke til kartl ysing: <https://kommunekart.com/?urlid=062d4920-376b-4bb7-a37d-46d6040edd58>

Ortofoto av området



1.2. Sakshistorikk

Saka gjeld klage frå Statsforvaltaren i Vestland på vedtak i delegasjonssaksnr. 423/2026 datert 29.5.2026, om å godkjenne dispensasjon for utlegging av flytebrygge på gbnr 28/13.

Paal J Kahrs Arkitekter As søkte på vegne av tiltakshavar om utlegging av flytebrygge på 8x2,4 m og 5,5 x1 m landgang, plassert direkte i tilknytning til eksisterande kai.

Administrasjonen gav løyve til dispensasjon frå LNF-føremålet, byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8, og FFNF-bruk og vern av sjø.

Det er søkt om eit varig løyve, alternativt eit mellombels løyve i ti år. Det blir vist til søknad motteke 09.03.2026, samt supplerande informasjon.

Det vart gitt løyve til igangsetting av tiltak i vedtak datert 19.6.2026. Vedtak om dispensasjon og rammeløyve vart påklaga av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 19.6.2026 og tiltaket vart gitt utsett iverksetjing av administrasjonen i brev datert 1.7.2026.

Følgande vedtak om dispensasjon og rammeløyve vart gjort:

«Vedtak om dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå LNF-føremålet, byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8, og FFNF-bruk og vern av sjø, for etablering av flytebrygge, slik det går fram av søknaden.

Dispensasjon blir gitt på følgjande vilkår:

1. Eventuell fjellboring må skje utanom tidsrommet januar – april, for å ikkje forstyrre gytetid.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 19-2.

Vedtak om rammeløyve

Bjørnafjorden kommune gir rammeløyve for flytebrygge på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i vedlagte situasjonsplan datert 19.02.2026, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Før ein kan få igangsettingsløyve, må ein ha følgjande godkjenningar

1. Godkjenning etter havne- og farvannsloven.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3. Ein gjer merksam på at godkjent tiltak er beskrive over. Andre tiltak som går fram av teikningar, men som ikkje er oppgjeve i søknaden, er ikkje del av dette løyvet.»

Vedtaket vart sendt ut 2.6.2026. Det er mottatt klage på vedtaket av Statsforvaltaren i Vestland. Klagen er mottatt 19.6.2026 og er rettidig, jf. fvl § 29.

1.3 Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i KDPA er sett av til som LNF-område på landarealet og FFNF i sjøarealet.

Tiltaket er ikkje i samsvar med plan og krev dispensasjon frå arealbruksføremålet på land, LNF-føremål, byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8, og arealbruksføremålet i sjø, FFNF, bruk og vern.

1.4 Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå:

- Arealbruksføremålet på land, LNF-føremål
- Byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8
- Arealbruksføremålet i sjø, FFNF - bruk og vern

2. Klage

2.1. Grunngevinga for klagen

Statsforvaltaren i Vestland har i brev datert 19.6.2026 klaga på løyve gitt i vedtak datert 29.5.2026 med følgjande punkt:

- Statsforvaltaren rådde allereie 25.03.2026 frå å gje dispensasjon. Flytebrygga er planlagt ved eksisterande kai, med landgang på om lag 5,5 meter og brygge på 8 x 2,4 meter. Tidlegare søknad om flytebrygge på eigedomen fekk avslag i 2023.
- Søknaden er grunngjeven med meir sjøtrafikk, dokumentert skade på båt og behov for tryggare bruk av eigedomen for barn og eldre. Eigedomen ligg i sone 2 etter dei statlege planretningslinene for strandsona, der det skal først ein restriktiv praksis.
- Området er regulert til LNF-føremål på land og FFNF-føremål i sjø, som i utgangspunktet ikkje opnar for private tiltak som flytebrygger. Statsforvaltaren meiner tiltaket er i strid med gjeldande arealplan.
- Området blir vurdert som i hovudsak urørt strandsone, og flytebrygga kan føre til meir privatisering, redusert tilgang for ålmenta og negative verknader for landskap og naturmiljø.
- Kommunen har etter Statsforvaltaren sitt syn ikkje i tilstrekkeleg grad vurdert eller grunngjeve fleire sentrale forhold. LNF-føremålet er meint for landbruk, natur og friluftsliv, og opnar normalt ikkje for denne typen tiltak. Flytebrygga blir ikkje rekna som eit tiltak som er nødvendig for landbruksdrift eller annan verksemd som er tillaten innan LNF-område. Sjølv om tiltaket ikkje gir vesentlege negative konsekvensar for landbruk, natur eller friluftsliv, meiner Statsforvaltaren at det er i vesentleg strid med føremålet for området.
- Fordelane ved tiltaket blir vurderte som private fordelar, medan dei ikkje gir fordelar i eit ressursdisponeringsperspektiv.
- Byggjegrensa mot sjø skal verne natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Statsforvaltaren er samd i at tiltaket ikkje påverkar naturmangfaldet på land eller fysisk hindrar ferdsle. Likevel meiner Statsforvaltaren at ei relativt stor flytebrygge vil auke graden av privatisering og påverke landskapet og opplevinga av landskapet negativt. Landskapsverknader og omsynet til allmenne interesser er etter deira vurdering ikkje tilstrekkeleg vurderte av kommunen.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

- I område med lite utbygd strandsone er det særleg viktig å ta vare på opplevinga av naturleg og urørt strandsone. Tiltaket blir sett som ein del av ei gradvis nedbygging av strandsona som samla kan gi store negative verknader. Strandsonevernet er styrkt gjennom ny plan- og bygningslov og reviderte statlege planretningsliner frå 2021. Differensiert forvaltning av strandsona skal i hovudsak skje gjennom planlegging, ikkje gjennom dispensasjonar i enkeltsaker.
- Føresegnene for FFNF-området slår uttrykkeleg fast at flytebrygger og kaianlegg som kjem i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske ikkje er tillatne. Kommunen har etter Statsforvaltaren sitt syn ikkje vurdert dette eksplisitte forbodet i tilstrekkeleg grad.
- Flytebrygger kan fungere som privatiserande element og redusere ferdsle både fysisk og psykisk. Statsforvaltaren meiner tiltaket er i vesentleg strid med både byggjeforbodet i strandsona og arealføremåla på land og i sjø.
- Statsforvaltaren meiner fordelane ikkje er større enn ulempene, og at det berre ligg private fordelar til grunn for søknaden. Konklusjonen er at vilkåra for dispensasjon ikkje er oppfylte, og at dispensasjon ikkje burde vore gitt.

Fullstendig klageskriv er vedlagt saka.

2.2. Tilsvar til klage

Ansvarleg søkar har sendt inn følgande tilsvar til klagen:

- Det blir hevda i tilsvar at Statsforvaltaren i hovudsak utfordrar kommunen sine skjønnsmessige vurderingar, ikkje saksbehandlinga eller faktagrunnlaget. Det blir meint at kommunen har gjort ei konkret og forsvarleg vurdering i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2. Statsforvaltaren legg stor vekt på generelle omsyn til strandsonevern, medan kommunen i større grad har vurdert dei konkrete forholda på eigedomen.
- Søkjar viser til at dispensasjonsreglane opnar for unntak etter ei konkret interesseavveging. Saka skil seg frå ordinære søknader om nye flytebrygger i strandsona. Tiltaket gjeld ikkje etablering av ny sjøtilkomst til ein ubygd eigedom. Eigedomen har allereie etablert sjøtilkomst gjennom naust, kai og båtplass. Flytebrygga er søkt som eit avbøtande tryggingstiltak knytt til eksisterande sjøtilkomst.
- Bakgrunnen for søknaden er vesentleg endra forhold i sjøområdet utanfor eigedomen. Auka sjøtrafikk og større fartøy har ført til sterkare bølgepåverknad enn tidlegare. Dagens løysing gir ikkje lenger same tryggleik som då kaien vart etablert. Behovet for tiltaket har oppstått som følgje av ytre forhold eigarane ikkje har påverknad på. Det er dokumentert skadar på båt som følgje av bølgepåverknad, mellom anna gjennom foto og forsikringssak. Konsekvensane av dagens situasjon blir framstilte som reelle og ikkje berre teoretiske. Bølgjer frå auka sjøtrafikk utgjer i dag ein tryggleiksrisiko for personar og aukar risikoen for skadar på båtar ved kai.
- Ombord- og ilandstiging har vorte vanskelegare og mindre trygg. Ved lågvatn blir høgdeskilnaden mellom kai og båt stor, noko som særleg skaper utfordringar for barn og eldre. Eigedomen blir nytta av tre generasjonar fordelt på fire familiar. Flytebrygga er prosjektert for å følgje vasstanden og redusere rørsler mellom kai og båt. Tiltaket skal gjere det mogleg å oppretthalde ein eksisterande og lovleg sjøtilkomst under dagens forhold. Søknaden gjeld ikkje ny bruk eller ny båtplass, men tilpassing av eit eksisterande anlegg. Tiltaket vil etter søkjar si vurdering gi vesentleg betre persontryggleik.
- Det blir argumentert for at Statsforvaltaren legg for stor vekt på at fordelane er private. Søkjar meiner tiltaket har større verdi enn berre privat nytte fordi det reduserer dokumenterte tryggleiksutfordringar. Tiltaket er ikkje motivert av ønske om auka komfort, men av behov for forsvarleg bruk av eksisterande sjøtilkomst. Tiltaket vil òg redusere risikoen for skadar på båt og kai.
- Det blir framheva at dokumentert risiko kan reduserast gjennom eit avgrensa og reversibelt tiltak. Tiltaket inneber ikkje ny bruk av området, men tryggare vidareføring av dagens bruk.

- Tiltaket krev ikkje utfylling, mudring eller nye terrenginngrep.
- Søkjar hevdar at tiltaket er i tråd med god og langsiktig arealforvaltning ved å nytte eksisterande infrastruktur. Løysinga blir framstilt som betre enn å etablere nye anlegg andre stader i strandsona.
- Eigedomen har om lag 300 meter strandlinje der mesteparten består av bratt fjell som ikkje eignar seg for båttilkomst. Sjøtilkomst er berre mogleg ved den eksisterande kaien. Eigedomen er allereie utbygd med fritidsbustader, naust, kai og båtplass.
- Ei godkjenning vil etter søkjar si vurdering ha avgrensa overføringsverdi til andre eigedomar. Interesseavveginga bør også ta omsyn til konsekvensane av å ikkje gjere noko. Alternativet til tiltaket er å vidareføre ein dokumentert risiko for person- og materielle skadar.
- Søkjar er samd i at byggjeforbodet i 100-metersbeltet skal verne viktige nasjonale interesser. Det blir likevel hevda at tiltaket ikkje vesentleg set til side omsyna til natur, landskap, friluftsliv og allmenn tilgang.
- Tiltaket blir skildra som lite, fullt reversibelt og direkte knytt til eksisterande naust og kai. Dei dokumenterte tryggleiksgevinstantane blir vurderte som klart større enn dei avgrensa ulempene ved tiltaket.
- Klaga frå Statsforvaltaren blir oppfatta som uttrykk for ei anna skjønsmessig vurdering av dei same fakta, ikkje feil lovtolkning eller saksbehandling. Tiltaket blir framstilt som eit avgrensa, reversibelt og avbøtande tryggingstiltak for ein eksisterande og lovleg sjøtilkomst.
- Det blir hevda at tiltaket ikkje representerer den typen inngrep eller gradvis nedbygging av strandsona som lovverket primært skal hindre. Saka blir vurdert som så særprega at eit positivt vedtak ikkje vil danne presedens.

Det blir vist til fullstendig tilsvar.

Nye opplysningar

Det har ikkje kome inn nye opplysningar i saka.

3. Administrasjonen si vurdering

Administrasjonen kan ikkje sjå at det har kome fram vesentlege nye moment i klagen som endrar dei vurderingane som blei gjort i vedtaket den 29.5.2026. Vi vil likevel gå nærare inn på nokre sider av saka.

Statsforvaltaren i Vestland visar i det vesentlege til dei same momenta som dei gjorde kommunen merksam på i høyringa. Dei understrekar at det ikkje er høve til å gje dispensasjon i saka og at omsyna bak byggeforbodet i strandsona, LNF-føremålet og FFNF vil bli vesentleg sett til side.

Statsforvaltaren skriv at flytebyggja tidlegare har vore søkt om og det vart gitt avslag i 2023. Administrasjonen legg til grunn at byggja omsøkt i 2023 var vesentleg større enn omsøkt tiltak. Søkjar har og lagt fram argument om endra trafikktilhøve på sjø i området og ut frå dei momenta er administrasjonen ikkje samd i Statsforvaltaren i Vestland si vurdering av saka og vi legg til grunn at omsyna bak dei føresegna det søkt dispensasjon frå, ikkje er sett vesentleg til side. Vidare meiner dei at dei at fordelane ved å gje dispensasjon for tiltaket er klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2.

Administrasjonen har vist til at tiltaket på denne plassen ikkje vil føre til nokon konflikt når det gjeld tilkomst, verken på land eller i sjø. Vidare meiner vi at tiltaket er reversibelt og ikkje vil føre til inngrep i naturen.

Ved vurderinga av fordeler og ulemper, er det vist til at tiltaket ikkje vil medføre ytterlegare privatisering i området, samt til at tilhøva på staden gjer at tiltaket er naudsynt.

3.1. Dispensasjonar

Administrasjonen har etter Statsforvaltaren sitt syn ikkje i tilstrekkeleg grad vurdert eller grunngjeve fleire sentrale forhold i saka og vi vil utgreie desse punkta ytterlegare her.

Vurdering av omsyna bak LNF-føremålet

Statsforvaltaren meiner flytebrygga er i vesentleg strid med LNF-føremålet fordi tiltaket ikkje er knytt til landbruksdrift eller anna verksemd som normalt er tillaten i LNF-område.

Administrasjonen er samd i at omsøkt flytebrygge ikkje er eit tiltak som kan reknast som nødvendig for landbruksdrift, og at tiltaket difor ikkje er i samsvar med arealføremålet. Dette er òg bakgrunnen for at søknaden har vore handsama som ein dispensasjonssak. Spørsmålet er likevel om omsyna bak føremålet vert vesentleg tilsidesette, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Administrasjonen har lagt vekt på at tiltaket ikkje medfører inngrep i jordbruksareal, skogressursar eller andre landbruksinteresser. Tiltaket vil heller ikkje redusere naturverdiar eller tilgjengelege friluftsområde på land. Flytebrygga er knytt til ein eksisterande kai og eit etablert sjøtilkomspunkt på ein eigedom som frå før er utbygd med fritidsbustad, naust, kai og båtplass. Flyfoto viser at det ligg båtar på svai framfor naustet og kai og dei er plassert lenger ut i sjø enn omsøkt flytebrygge. Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak først og fremst inneber ei tilpassing av eksisterande bruk som følgje av endra forhold i sjøområdet, og ikkje etablering av ny bruk eller nye funksjonar i strandsona. Ei flytebrygge kan framstå som eit tryggare tiltak i sjø enn båtar på svai. Ei flytebrygge har krav om merking med lys og vil vere synleg i mørket. Sjølv om tiltaket formelt sett er i strid med LNF-føremålet, meiner administrasjonen at dei konkrete omsyna føremålet skal ivareta i dette tilfellet ikkje vert vesentleg tilsidesette.

Vurdering av landskapsverknader og allmenne interesser

Statsforvaltaren meiner kommunen ikkje har vurdert landskapsverknader og allmenne interesser i tilstrekkeleg grad.

Administrasjonen har gjort ei ny vurdering av desse forholda i samband med klagehandsaminga. Omsøkt flytebrygge er planlagt i direkte tilknytning til eksisterande kai og naustmiljø. Tiltaket kjem i eit område som allereie fram står som påverka av menneskeleg aktivitet gjennom eksisterande bygg og båtanlegg. Flytebrygga vil vere synleg frå sjøen og innebere ei viss endring i landskapsbiletet samanlikna med dagens situasjon.

Administrasjonen vurderer likevel at dei visuelle verknadene er avgrensa fordi tiltaket er relativt lite, flytande og fullt reversibelt. Det inneber ikkje varige terrenginngrep, utfylling eller mudring. Det ligg alt båtar ute i sjø framfor naustet på svai og ei flytebrygge vil redusere privatiseringa ut i sjø då båtane blir lagt inntil flytebrygga i staden for å spreie dei utover sjøområdet. Når det gjeld allmenne interesser, legg administrasjonen vekt på at strandlina på eigedomen i hovudsak består av bratt og vanskeleg tilgjengeleg terreng. Tiltaket vil ikkje fysisk hindre ferdsle langs sjøen eller redusere tilgjenge til område som i dag vert nytta til friluftsliv. Flytebrygga vert etablert ved ein eksisterande kai der området allereie fram står som privatisert.

Administrasjonen er samd i at tiltaket kan gi ei viss oppleving av auka privatisering, men vurderer at denne tilleggsverknaden er avgrensa fordi området frå før er disponert til privat sjøtilkomst. Administrasjonen finn derfor at omsyna til landskap og allmenne interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette.

Vurdering av føresegn 10.18 for FFNF-område

Statsforvaltaren viser til at føresegn 10.18 i kommunedelplanen uttrykkeleg seier at tiltak eller

inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske, under dette flytebrygger og kaianlegg, ikkje er tillatne.

Administrasjonen legg til grunn at den omsøkte flytebrygga er i strid med føresegn 10.18, og at dispensasjon difor er nødvendig.

Ved vurderinga av dispensasjon i denne saka legg administrasjonen vekt på at tiltaket er plassert ved eksisterande kai og båtplassar, og at det ikkje er registrert naturverdiar eller viktige fiskeriinteresser som vert påverka av tiltaket. Flytebrygga vil heller ikkje redusere ferdsle i sjøområdet eller medføre fysisk stenging av område for allmenn ferdsel, men vil organisere plassering av båtar i sjø med tilrettelagt plassering i staden for at båtane ligg på svai fleire stader i området.

Administrasjonen vurderer vidare at tiltaket ikkje etablerer ny bruk av sjøområdet, men legg til rette for trygg vidareføring av ein eksisterande og lovleg etablert sjøtilkomst. Bakgrunnen for tiltaket er dokumenterte utfordringar knytt til auka sjøtrafikk, bølgepåverknad og tryggleik ved bruk av eksisterande kai.

Administrasjonen vurderer etter ei samla vurdering at tiltaket ikkje kjem i slik konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske at omsyna bak føresegn 10.18 vert vesentleg tilsidesette.

4. Andre lovlege alternativ

Høve til å gje dispensasjon er ein «kan»-regel, og kommunen står i utgangspunktet fritt til å vurdere om ein ønskjer å innvilge dispensasjonar når vilkåra er oppfylt, så lenge avgjerda bygger på lovlege omsyn.

Plan-, bygg-, og miljøutvalet har høve til å gjere om administrasjonen sitt vedtak og avslå søknad om etablering av flytebrygge ut frå klage frå Statsforvaltaren i Vestland.

5. Konklusjon

Etter administrasjonen si vurdering tilfører ikkje klagen nye opplysningar i saka som endrar vurderingane gjort i vedtak datert 29.5.2026. Vi rår utvalet å sende vedtaket til Statsforvaltar i Vestland for klagebehandling.